



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Statens vegvesen
Postboks 1010, Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/20416	02.05.2023	61593/2023/REGULERINGSPLAN/1535	Johnny Loen, 71 28 02 43	08.05.2023

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan med konsekvensutgreiing - E39 Ørskogfjellet - Vik - fråsegn ved avgrensa ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld eit endra framlegg til plan, med utgangspunkt i at fylkeskommunen tidlegare har stilt vilkår for eigengodkjenning. Det er berre vilkåret som blir omtalt i dette brevet.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Ved offentleg ettersyn, jamfør vårt brev datert 04.11.2022, stilte fylkeskommunen vilkår om at det blir etablert haldeplassar ved skisenteret på Ørskogfjellet som tener passasjerar i begge retningar (tosidig).

Det er no fremma forslag om tosidig kantstopp. Dette vil vere langs eit vegstykke som i framtida er lokalveg med ÅDT under 200. Det er lagt til rette for at venting (på bussen) kan skje utanfor trafikkert areal. Dette er sikra i føresegn.

Vi føreset at siktforholda på staden er tilstrekkelege og at fartsgrensa på staden blir nedsett til maksimalt 60 km/t.

Med dette som bakgrunn er motsegna trekt.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Vestnes kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal